

2021-2025

Beitebruksplan for beiteområdene i Øystre Slidre



Samandrag

Øystre Slidre har eit totalareal på 963 km², av dette er 886 km² landareal (frå 01.01.21 er arealet utvida med ytterlegare 6 km² i Skjel). Det er 86 km² vatn (9%), 29,5 km² dyrka mark (3%) og 116 km² produktiv skog (13%). Over 400 km² er lauvskog eller skoglaus utmark.

Det har vore ein nedgang i talet på mjølkekyr og NRF-dyr, men ein auke i dyr av kjøttferasar. Talet på sau i utmarka har vore relativt stabilt sidan midt på 90-talet, med omkring 7000 sau/lam på beite.

Delar av utmarksbeitet i ØS er vegetasjonskartlagt, og beiteressursane er talfesta av NIBIO. Omkring 300 km² vart kartlagt i 2019. Mykje av det same arealet (230 km²) vart kartlagt i 1970/71. Vi veit at endringar i utmarka skjer over tid og her får vi fram utviklinga over 50 år mellom kartleggingane. Metoden er i hovudsak den same som vart utvikla av Bjør og Graffer på 60-talet, forenkla med bruk av prøveflater og statistisk tilnærming.

For Øystre Slidre er no nær ¼ av totalarealet eit potensielt areal for attgroing. Det betyr at ei sterk landskapsendring er på gang, dersom beitetrykket blir for lågt i kombinasjon med lite bruk av andre skjøtselstiltak.

Beitekartlegginga viser at om lag halvparten av beitepotensialet i ØS blir nytta. Det er omrent som gjennomsnittet for Oppland, men lågare enn i resten av landet.

Innanfor rimelege grenser er eit stort dyretal og relativt høgt beitepress positivt for beitekvaliteten og kulturlandskapet. Intensiv beitebruk kan føre til utfordringar i område med hytteutbygging og stor turisttrafikk, og eventuelt gje gjera forynging av skog vanskeleg.

Øystre Slidre er ein stor hyttekommune med fleire utbyggingsområde. Det er særleg stor aktivitet i området rundt Beitostølen. Berggrunnen tilseier at dette er noko av det mest næringsrike området og med den frodigaste vegetasjonen. Det kan vere utgangspunkt for konfliktar mellom beitenæring og fritidseigedommar. Sperregjerde eller inngjerding av hyttene er aktuelle tiltak, men må nedfellast i reguleringsplanar. Bruk av Nofence er interessant i framtida, og bør kunne nyttast i ulike samanhengar. Øystre Slidre er òg ein «nasjonalparkkommune». Plassering i forhold til nasjonalparkane Langsua og Jotunheimen gjer kommunen til eit mykje besøkt turistmål.

Beitebruksplanen gjer greie for situasjonen slik han er i dag, basert på eit faktagrunnlag. Nokre av dei klaraste utfordringane blir drøfta. Avslutningsvis er det ein tiltaksdel med ein handlingsplan (vedlegg) med konkrete tiltak.

Beitebruksplanen skal vere eit grunnlag for beiteforvaltning i utmarka. Det blir lagt opp til ei formalisering av samarbeidet mellom kommune og beitenæring gjennom etablering av eit beiteutval. Den praktiske gjennomføringa av beitedrifta vil ligge til beitelaga. Øystre Slidre kommune er eigar av planen, og er ansvarleg for framtidig rullering.

Innhald

1.	Innleiing	3
2.	Bakgrunn for arbeidet / målsetjingar med planen.....	4
3.	Gjennomføring av arbeidet – planprosessen	6
4.	Bruken av utmarka	7
4.1.	Historisk utvikling i bruken av utmarka.....	10
4.2.	Naturgrunnlaget	12
4.3.	Klimatiske tilhøve	15
4.4.	Beiteretten / organisering av beitebruken.....	16
4.6.	Vurdering av beitekapasiteten / potensialet.....	18
4.7.	Lovverk	20
5.	Andre tilhøve med relevans for planen.....	21
5.1.	Attgroing og beiteutvikling over tid	21
5.2.	Stølar/jordbruksareal i beiteområda.....	22
5.3.	Omsynet til rein og hjortevilt	24
5.4.	Rovdyr.....	25
5.5.	Tekniske inngrep (fritidsbusetnad og turisme)	25
5.6.	Bygdenære beiteområde.....	27
5.7.	Verneområde/-interesser.....	27
5.8.	Karbonbinding, CO ₂ og klimapåverknad	28
6.	Tiltaksdel.....	29
6.1.	Etablering av beiteutval.....	29
6.2.	Styring av beitebruken	30
6.2.1.	Sperregjerder.....	30
6.2.2.	Elektronisk overvaking.....	31
6.2.3.	Nofence	31
6.3.	Geit på utmark.....	31
6.4.	Rydding og skjøtsel av beiteområda i stølsområda.....	32
6.5.	Flytte besetningar til andre område.....	33
6.6.	Regulering av beitesesongen.....	34
6.7.	Radioaktivitet	34
6.8.	Regime rundt sauehaldet i Øystre Slidre.....	35
6.9.	Soneinndeling etter kvalitetskriterium.....	35
6.10.	Kartløysing i Valdreskart.....	36
6.11.	Beredskapsplan	36

6.12.	Informasjon og kommunikasjon.....	37
6.13.	Utbyggingsavtalar som finansieringskjelde til landbrukstiltak.....	37
6.14.	Fjerning av farlege gjerder	37
6.15.	Manglande vegetasjonskartlegging.....	38
7.	Litteratur.....	39
8.	Vedlegg	40



1. Innleiing

I kommunen sin planstrategi (2019) og arealplanen sin samfunnsdel (2021) er det nedfelt at det skal utarbeidast beitebruksplan for utmarka i Øystre Slidre. Rune Granås, Norsk Landbruksrådgiving Innlandet, har vore engasjert som ekstern prosjektansvarleg i prosessen, og planen er utvikla i samarbeid med kommunen.

Formålet med planen er å leggje til rette for best mogleg bruk av beiteressursane i området, samtidig som andre interesser i området blir teke vare på.

Øystre Slidre er av dei største stølskommunen i Noreg med mjølkeproduksjon på 51 stølar i 2020. Landbruket har på ein god måte forvalta utmarka over lang tid, og kulturlandskapet er eit resultat av denne bruken.

ØS kommune har i fleire omgangar fått utarbeidd vegetasjonskart, som no omfattar 1/3 av utmarka i kommunen (NIBIO notat 2019 og NIBIO rapport nr. 07/2013). Dei første kartleggingane vart gjennomført allereie i 1970. Dette området vart «retaksert» i 2013, og i tillegg vart det kartlagt to prøveflater, som grunnlag for rapport nr. 07/2013. Kartlegginga

dekkjer hovudsakleg området sørvest i kommunen. I 2020 vart det taksert 70 km² ved Skaget, nordaust i kommunen.

ØS kommune har i sin landbruksplan 2009-2012 nedfelt som hovudmål B; å utvikle og styrke landbruket i kommunen. Delmål B2 er å «*styrkje og utvikle stølsdrift som ei lønnsam og berekraftig driftsform*» og delmål B3 er å «*styrkje beitebruken i kommunen*».

Landbruksplanen er vedteken i 2009, og er erstatta av ein næringsstrategi, som del av samfunnsplanen.

I ein presentasjon av utmarksbeite i Oppland (Yngve Rekdal. Sau og Geit nr. 1/2014) går det fram at det i Oppland samla sett er 50% utnytting av beiteressursane.

Beitebruksplanen er meint som ein dynamisk plan, der historikk, klima, naturgrunnlaget og beitekapasitet dannar faktagrunnlaget, og ligg fast. Handlingsplan og tiltaksdel skal endrast etter behov. Planen skal rullerast kvart 4. år og synleggjere at utmarksnæringa får ein framståande plass. Handlingsplanen skal reviderast kvart år i samanheng med årlege kommunebudsjett.

Mjølkeproduksjonen har halde seg oppe, med vel 6 mill. liter kumjølk årleg, men avdråtsauke gjer at det er færre mjølkekryr og driftseiningar enn tidlegare. Frå år 2000 er talet på bruk med kumjølk redusert frå 114 til 55 i år 2020. Talet på mjølkekryr er i same periode redusert frå 1204 til 901. Besetningane har i gjennomsnitt auka frå 11 til 16 mjølkekryr. Som elles i landet ser vi nedgang i talet på mjølkekryr samtidig som talet på ammekryr aukar. Totalt 37 ammekryr registrerte i år 2000 er i ØS auka til 440 ammekryr i 26 besetningar på siste teljing i 2020, som gjev ein gjennomsnittleg besetningsstorlek på 17 ammekryr. Det var 8 geitebesetningar med 670 mjølkegeiter i år 2020. Storfe på beite (gjennom organisert beitebruk) har auka frå 150 i 2000 til 745 i 2020. Sauebesetningane i år 2000 var på 56 vinterfora (v.f.) sau og i 2007 på 78 v.f. sau. Talet på sau har halde seg relativt stabilt dei siste 20 åra og i 2020 vart det gjennom organiserte beitelag slept 7259 sau/lam, og det vart slept 85 ammegeit rapportert gjennom beitelaga.

Korndyrking er i praksis nesten fraværende i ØS. Klimatisk vil det være mulig å dyrke bygg. Det gir et potensiale til krossing av korn til eget kraftfôr, dersom det er gårdsbruk med «overskuddsareal».

Korndyrking er i praksis nesten fråverande i ØS. Klimatisk vil det vere mogleg å dyrke bygg. Det gjev eit potensiale til å valse korn til eige kraftfôr, dersom det er gardsbruk med «overskotsareal».

2. Bakgrunn for arbeidet / målsetjingar med planen.

Målsetjinga med beitebruksplanen er å dokumentere beitebruken slik han blir driven, bidra til å synleggjere verdiskapinga denne verksemda står for og skape grunnlag for ei god og

oppdatert forståing for beitenæringa hjå politikarar, forvaltning og samfunnet omkring. Den skal også synleggjere realiserbare endringar og potensiale for utvikling av framtidig beitebruk. Samtidig er det viktig å avdekkje interessekonfliktar og sjå på løysingar.

Det er eit mål at tiltak og handlingsplanen blir teken opp til diskusjon i årsmøta i beitelaga, Øystre Slidre Fjellstyre og Slidre sau og geitavlslag, men også blant grunneigarane i beiteområda og kommunen. Kvart år blir det meldt inn gjennomførde tiltak, og det blir fremja nye tiltak. Beitebruksplanen blir revidert kvart 4. år. Eventuelle justeringar i handlingsplanen kan gjerast i dei årlege økonomiplanane.

I handlingsplanen er det lagt inn eit tiltak med forslag om å opprette eit beiteutval, med representantar frå grunneigarar og beitenæringa.

Storfebesetningane er i endring frå NRF til kjøttfe. Besetningane har i gjennomsnitt auka (sjå kap. 4.4) og beitemønsteret er endra. Det er derfor uvisst om dagens beitebruksreglar/beitepraksis er tilstrekkeleg til å styre beitebruken. Målet er å gjere det enklare/meir oversiktleg for dei som slepp eller har planar om å sleppe beitedyr i utmarka

Auka turisme vil føre til ein auke i talet på gjester som nyttar allemannsretten. Dette kan skape utfordringar. Turistnæringa har eit ynskje om å unngå konfliktar med beitande dyr og ynskjer heller ikkje å skape problem for landbruk og støling. Derfor er det viktig med sameint tilrettelegging for gode passasjar, stigar og trasear, og dessutan skilting som oppmodar til vettig omgang med naturen. Koplinga mot stig og løypeplan blir viktig for å finne konfliktreduserande løysingar. God tilrettelegging vil vere positivt for alle partar.

Landbruk og støling er òg svært positive verdiar som turistar, hytteeigarar og fastbuande set stor pris på, og det ligg eit potensiale for å utvikle tilleggsinntekter rundt dette for dei som ynskjer det. Samtidig er det viktig at landbruket kan drive godt, lønnsamt og vere attraktivt for eksisterande og nye unge gardbrukarar.

Beitebruksplanen skal omfatte utmarka i Øystre Slidre kommune og skal legge til rette for mest mogleg optimal bruk av beiteressursane. Planen skal bidra til kunnskapsbasert beitebruk.

Hovudmål:

Beitebruksplanen skal bidra til kunnskapsbasert beitebruk, og omfatte områda til beitelaga Skaget/Bitihorn, Haldorbu og Mellane/Fullsenn.

Delmål:

Planen skal:

- vise omfanget og verdien av beitebruk i dag.
- vise beitekapasiteten i ØS innan ulike område og for ØS samla sett, data fra vegetasjonskartlegging blir lagd til grunn.
- byggje på informasjon, kunnskap og erfaring med dagens beitebruk.
- skissere korleis beitebruk best kan styrast og blir organisert.

- innehalde ein handlingsdel, som gjer greie for aktuelle tiltak for regulering av beitebruken slik at konfliktar mellom beitebruk og anna arealbruk blir redusert i størst mogleg grad.
- legge eit grunnlag for tiltak som fremjar beitebruken, som mellom anna vurdering og nyestablering av slipp-/sankeplassar for sau/storfe, finne gode regime for kvar beitedyra skal styrast, når dei bør sleppast, kor lenge det bør tillatast beiting om hausten og tiltak for overvaking av beitebruken som gjer tilsyn og sinking lettare og meir samordna.

Beiteinteressene har eit ynskje om optimal bruk av beiteressursane og ynskjer løysingar på korleis det kan nåast. Turistnæringa ynskjer tilgang til utmark for friluftsliv, rekreasjon og hyttebygging. Det er eit mål frå alle partar at planen kan bidra til å redusere konfliktar omkring arealbruk.



Mange område har eit godt utbygd vegnett, som gjer det enkelt for beitedyr å flytte seg over relativt store avstandar.

3. Gjennomføring av arbeidet – planprosessen

For å sikre næringsmessig forankring av beitebruksplanen vart det etablert ei arbeidsgruppe, beståande av representantar for beitenæringa, både sau og storfe, representant frå reiselivet og frå kommunen. Det er gjennomført 2 arbeidsmøte.

Organisering av arbeidet med den nye beitebruksplanen:

Eigar av planen	Øystre Slidre kommune.
Styringsgruppe	Kommunestyrekomite teknisk
Arbeidsgruppe	<p>1 representant frå kvart av dei 3 beitelaga (Skaget/Bitihorn, Haldorbu og Mellane/Fullsenn).</p> <p>2 representantar frå landbrukskontoret i kommunen.</p> <p>1 representant frå turistnæringa</p> <p>Representantar frå bondelag og bonde- og småbrukarlag</p>

Kommunen engasjerte konsulent, som utarbeidde utkast til plan. Det er gjennomført arbeidsmøte og synfaringar mellom kommunen og konsulent i samband med planarbeidet.

Beitebruksplanen skal vedtakast i kommunestyret. Planen er å vurdere som ein temaplan til arealplanen i kommunen.

4. Bruken av utmarka

Heile utmarksarealet er på 830000 dekar. Av dette er 230000 dekar produktiv skog og barskog. Tilgjengeleg utmarksbeite er vurdert til 600000 dekar. Små og store myrområde gjer ein del av området relativt sett betre eigna til storfebeite enn til sauebeite.


Området blir organiserert gjennom 3 beitelag (Tabell 1) – Skaget/Bitihorn (552 km^2) i nordvest, Haldorbu (64 km^2) i aust og Mellane/Fullsenn (173 km^2) i søraust (Figur 1 og 5). I 2020 vart det gjennom organisert beitebruk i ØS sleppt 2578 sau, 4681 lam, 85 geit og 745 storfe. Sjølv om talet på driftseiningar med husdyr har vore i nedgang dei siste åra, har talet på dyr halde seg oppe.

Tabell 1 Dyretal organisert i beitelag


Beitelag	Sau	Lam	Geit	Storfe
Skaget/Bitihorn	1143	2141	44	433
Haldorbu	451	777	0	45
Mellane/Fullsenn	984	1763	41	267
Sum	2578	4681	85	745
2010	2267	4434	117	387
Endring fra 2010	14%	5%	-27%	93%

Mjølkeproduksjon på stølane, både ku og geit, er ikkje omfatta av organisert beitebruk (OBB).

Stølsdrift (Figur 1) er ein sentral del av landbruksdrifta i ØS. I 2007 brukte 82 av 86 (95%) mjølkebruk (ku) stølen på sommaren. Talet på mjølkebruk med ku var ved årets slutt i 2020 nede i 53, der støling framleis vart gjennomført av 81% (43 produsentar fekk stølsstilskot for 46 stølar). Av 8 geitemjølk-produsentar var 5 på stølen. Stølsdrifta står for $\frac{1}{4}$ av mjølkeproduksjonen på desse brukane. Den viktigaste årsaka til nedgang i støling er strukturrasjonaliseringa i landbruket. Framleis er ØS av dei største stølskommunane i landet.




Figur 1. Kartet viser oversikt over Øystre Slidre med stolar avmerka (Kilden). Aktuelt utmarksbeite er i realiteten aust for hovuddalføret, som grensar til Nord-Aurdal i sør aust, Gausdal og Fron-kommunane i nord aust og Vågå i nord.




Storeskag

Viktig sleppstad (sau og storfe) for utmarksbeite heilt inne mot Langsua nasjonalpark. Her er utgangspunktet for fotturisme fra DNT hytte.

Omrønt midt i biletet er det skilje-/sorteringsanlegg for sau.



Figur 2. Området som er vegetasjonskartlagt av Nibio (skog og landskap) i fleire omganger: 1970, 1971, 2009, 2012, 2014 og 2019



Figur 3 Området som er vegetasjonskartlagt av Nibio i 2020

4.1. Historisk utvikling i bruken av utmarka

Stølsdrift har vore viktig ressursutnytting og hald av husdyr i Valdres. Det å kunne bruke innmark til vinterfôr og utmarksbeite så lenge det var mogleg utover hausten har danna grunnlaget for dei relativt små besetningane som er i området.

Tradisjonelt var det meir kornproduksjon i bygdene og stølsdrifta gjorde det mogleg å bruke noko areal til matkorn. Til husdyrhaldet måtte det derfor skaffast mest mogleg fôr frå område som var mindre eigna til korn. Stølsdrift og bruk av utmarksbeite vart derfor svært viktig.

Retten til å utnytte utmarksbeita vart stadfesta i Christian V`s lov frå 1687 – «*Alle skal nyde Sæter og Fædrift som ligg i hans Bøgdelav*». «*Almenningsretten*» omfattar beite, støling, hogst, jakt og fiske. Det var retten til beiting som var viktigast – som ein konsekvens av denne kom stølsetableringane, med foredling av mjølka til smør og ost.

Som ein del av stølsdrifta var òg bruk av utmarksslåttar – berging av fôr, som vart brukt på garden gjennom vinteren. Produkta frå seterhaldet vart nok i hovudsak brukt til eige hushald gjennom resten av året.

I stølsområda i ØS er det fleire namnsettingar etter den tradisjonsrike bruken,, som felæger. Dette er hamnestrekningar i fjellet der «fekarane» låg med driftete i beite og budde i ei febu. Det faktumet at driftete gjerne kom langvegs frå for å finne sommarbeite, viser kor viktig desse areala og beitekvalitetane var, og framleis kan ha som beiteressurs.

I Noreg var det utover 1850-talet ein sterk reduksjon i stølsdrifta, som ein konsekvens av utviklinga i storfehaldet og etablering av industriell meieridrift. Fram til andre verdskrigen vart omrent 2/3 av setrane avvikla. Særleg etter krigen var nedgangen i den intensive støltinga tydeleg, då det vart dyrka meir areal og kunstgjødsel vart meir vanleg. Det førte det til ein reduksjon av påverknaden til beitedyra på vegetasjonen. Foredling av mjølk kravde store mengder brensel, som også var med på å påverke kulturlandskapet.



Nydyrkning (i midten til venstre) i Etnlie, er med å auke arealet for intensiv drift og auke mjølkeproduksjonen på stølane.



Forbusking av areal mot Vesleskaghøgde. Vier har teke overhand, der det i større grad var frodige grasbeiter på 70-talet.

Med såpass skrint jordsmonn har nedgangen i stølsaktivitet ført til nokså langsam attgroing av stølsområda, samanlikna med område med frodigare jordsmonn (der det frå 50-talet og fram til i dag har etablert seg skog som no er hogstmoden). På områda lenger oppe i høgda vil denne attgroinga naturleg gå langsamare. Etablering av hytteområde der det tidlegare var

stølsvollar medfører òg ein endra bruk av areala, til rekreasjon og trenings. Søraustre-delen av Skaget/Bitihorn vart vegetasjonskartlagt i 1970/71 og kartlagt på nytt i 2019. Areal som var hardt beita på 70-talet er fullstendig forbuska med vierkratt.

4.2. Naturgrunnlaget

Øystre Slidre kommune dekkjer 963 km², med eit landareal på 886 km². Utmarksarealet er 830 km². Kommunen strekkjer seg frå 410 moh. på det lågaste, til Øystre Rasletind på 2010 moh.

Heile 73% av arealet ligg over 900 moh. Det er ca. 3% av arealet som er jordbruksareal og ca. 13% er produktiv skog. Det meste av busetjinga og jordbruksareaala ligg under 800 moh. I beltet mellom 800 og 1400 moh. ligger det store utmarksbeiteressursar.


Lite dyrka areal og mykje utmark gjer at stølsdrifta er ein viktig ressurs, slik at vinterføret kan haustast i bygda, mens dyra sjølve kan hauste av utmarksbeite på sommaren.

Jordsmonnet i Øystre Slidre er i hovudsak prega av tjukt morenedekke (Figur 4). Rundt snaufjellet er det tynnare moredekke, og det er store myrområde. Det er enkelte mindre område med breelvavsetningar.

Berggrunnen er sør for Vintervatn stort sett prega av harde sure bergartar, som sandstein og kvartsitt,. På nordsida er det meir næringsrike (mellomrike) og basiske bergarter, som gabbro og amfibolitt. Det er mindre vindauge med rikare bergarter, som gjev grunnlag for god tilgang på plantenæring. Desse, saman med breelveavsetningane, er i stor grad grunnlaget for plassering av stølane.

Omtrent 20% av arealet i kommunen er myr og det meste er austover, mellom hovuddalføret og Gausdal.

Det er sjølv sagt varierande vegetasjonstypar, men den dominerande vegetasjonstypen er blåbærskog, med 38%. Denne har god beiteverdi og middels bonitet på skogen. På frodigare område er det høgstaudende engskog, men dette utgjer berre 7% av arealet. Andre dominerande vegetasjonstypar er rishei med 16% og grasmyr med 13%. Grasmyrer har større beiteverdi for storfe enn for sau. Sauen beitar ofte berre ytterkantar på myr, men storfe bruker store delar av grasmyrene. Beitevollar og dyrka mark utgjer ein betydeleg beiteressurs.



Figur 4 Lausmassekart. <http://geo.ngu.no/kart/losmasse/>. Grøne områder er ulike moreneavsetninger. Brune områder er myr og rosa er fjell i dagen. Gule områder er breetlavavsetningar.

Beiteverdi	Storfe		Sau	
	Dekar	%	Dekar	%
Mindre godt beite	46 990	24	62 553	31
Godt beite	133 639	67	118 076	59
Svært godt beite	17 987	9	17 987	9
Sum = Tilgjengeleg utmarksbeite	198 616	100	198 616	100
Nyttbart beite = Godt + svært godt	151 627	76	136 063	68

Tabell 2 Oversikt over beitekvalitet for sau og storfe. Svært godt beite og godt beite gjev tilgjengeleg beite.

Ut frå vurderingane for beiteverdi for delar av ØS (notat frå NIBIO 2019) viser tabell 2 beiteverdiar oppdelt for sau og storfe. Notatet frå NIBIO i 2019 omfattar ca. ¼ av utmarksarealet i kommunen, og er ei «modernisering» av kartlegginga frå 1970-talet.

Den statistiske tilnærminga frå 2013 (Skog og Landskap Rapport 07/2013) vil vera ei meir presis vurdering. Der blir det gjort ei vurdering av beiteverdien i kvart beitelag (Tabell 3).


Tabell 3 Areal (%) med ulik beitekvalitet i ulike beitelag

Beitelag	Ikkje beite	Mindre godt	Godt	Svært godt	Nytt- bart	Sg/ Nb
Skaget Bitihorn sankarlag	7	34	53	7	60	11
Haldorbu fellesdrift	2	33	59	6	65	10
Mellane-Fullsenn beitelag	3	30	59	8	67	12


Nyttbart = Godt + Svært godt

Sg/Nb = Svært godt/Nyttbart i %

a) Skaget Bitihorn sankelag (428 km²)



b) Haldorbu fellesdrift (64 km²)



forts.

c) Mellane-Fullsenn beitelag (173 km²)



Figur 5 Kart for dei 3 beitelaga, Skaget Bitihorn, Haldorbu og Mellane-Fullsenn. Beitekvalitet er gjort greie for i kap. 4.5.

4.3. Klimatiske tilhøve

Tabell 4 viser offisielle meteorologiske målingar på NIBIO Løken (521 moh.) og Beitostølen (822 moh.). Årsnedbøren er høvesvis 590 og 720 mm. Av dette kjem 53% (311 mm i vekstsesongen på Løken og 378 mm på Beitostølen) i dei 5 sommarmånadane mai til september. Aukande nedbørsmengd med stigande høgd samsvarer òg med tidlegare målingar på Bergset. Det gjer at det mest sannsynleg er meir nedbør i beiteområda.

Tabell 4 Klimadata (årsnormalar 1961-1990) for Løken og Beitostølen. Løken; 11,1 grader / 311mm (53% av årsnedbøren). For Beitostølen; 8,1 grader / 378 mm (53% av årsnedbøren).

	Stasjon	moh	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des	år
Temp. °C	Løken i Volbu	521	-9,9	-8,4	-4,1	0,8	6,8	11,7	13,1	11,8	7,1	2,7	-4,1	-8,4	1,6
	Beitostølen	822	-9,8	-9,0	-6,2	-1,5	4,5	9,8	11,1	9,9	5,0	1,3	-4,8	-8,0	0,2
Nedbør mm	Løken i Volbu	521	43	27	32	24	44	64	74	70	59	64	52	37	590
	Beitostølen	822	51	32	40	29	57	74	84	84	79	80	64	46	720

Nedbøren utgjer minst eit par "rotbløyster" i månaden og det er normalt ikkje turke som avgrensar beitekvaliteten .

Det er vanleg å rekne 0,6 grader lågare temperatur for kvar 100 m aukande høgd. Det utgjer ca. 4 grader på gjennomsnittstemperaturen frå Løken til sentrale beiteområde rundt 1100 moh., som Storeskag.

4.4. Beiteretten / organisering av beitebruken

Ein del av stølsarealet ligg i sameige mellom gardane. Snaufjellet er stort sett statsallmenning, og der alle «bruksberettiga» eigedommar i kommunen har beiterett i utmarka.

Det er noko uklart korleis beitebelegg/beiterettar er fordelt mellom eigedommene, men så lenge beitekapasiteten ikkje er fullt utnytta er konfliktar ikkje normalt knytt til ressurstilgang, men praktiske utfordringar.

Det normale er at gardsbruka har rett til å sleppe på utmarksbeite det dyretalet som garden kan vinterfø. I bygdenære område er det brukt ulike datoar for når dyra kan sleppast på beite.

Det er registrert 450 gardsbruk i ØS, og i 2020 var det 149 føretak i drift, og 124 hadde husdyr.

I ØS er utmarksbeitebruken organisert gjennom tre sankelag (Tabell 5). Det er felles sauvebeitelag og storfebeitelag i dei tre områda. I stor grad beitar småfe og storfe saman i desse områda. I alt 55 besetningar slepp 2578 sau og 4681 lam, 85 geit og 745 storfe (2020).

Tabell 5 Organisert beitebruk, sau og storfe, tal medlemmar og besetningar for 2020.

Beiteområde	Medlemmer med sau	Medlemmer med storfe	Medlemmer med geit	Sum medlemmer
Skaget/Bitihorn beitelag	14	10	1	25
Haldorbu fellesdrift	5	3	0	8
Mellane-Fullsenn beitelag	14	7	1	22
Sum medlemmer				55

Mjølkebruk er ikkje ein del av OBB-ordninga.

Tabell 6 Historisk oversyn for tal sau sleppt på utmarksbeite og tapstal gjennom organisert beitebruk (OBB).

År	Sleppt Sau/lam	Tap %	År	Sleppt sau/lam	Tap %	År	Sleppt sau/lam	Tap %
1981	4421	1,6	1995	6082	2,5	2009	6394	3,3
1982	4633	1,9	1996	6750	2,2	2010	6701	3,5
1983	4754	1,6	1997	7383	2,3	2011	7048	5,9
1984	5138	2,5	1998	7453	1,8	2012	6357	7,4
1985	5093	2,2	1999	7294	2,4	2013	7035	6,4
1986	4849	2,1	2000	6511	1,5	2014	7304	3,9
1987	4364	2,2	2001	6196	3,0	2015	7429	3,1
1988	4472	2,1	2002	5964	3,5	2016	7556	2,9
1989	4321	2,2	2003	6051	2,5	2017	8105	2,2
1990	4221	2,7	2004	7179	1,5	2018	8059	3,1
1991	4381	2,0	2005	7274	2,7	2019	7326	2,9
1992	4435	3,1	2006	7305	2,6	2020	7259	2,4
1993	4520	2,0	2007	6863	3,4			
1994	5019	1,9	2008	7215	3,5			

Året med høgaste sauetal er markert med gult og året med lågaste dyretal er markert med raudt. Det er aukande tal sau på beite. På 20 år er dyretalet auka med 12 %.

Året med høgaste tap er markert med raudt og året med lågaste tap er markert med gult. I 2012 hadde Skaget/Bitihorn eit lammetap på 16,4% og i 2011 hadde same beitelag eit søyetap på 7%. Enkeltbesetningar hadde i denne perioden svært store tap.

Tal for tapstal av sau på utmarksbeite gjennom organisert beitebruk (Tabell 6) viser at enkeltår skil seg ut, men jamt over ligg tapstala på 3%, i sum for vaksne og lam. Åra 2011-2013 vart det rapportert større tap. Det siste kan knytast til jerve-establering, som vart teken ut, og ulveangrep i 2013. Einskyldte besetningar er i denne perioden registrert med meir enn 50% tap.

I 2020 var det 331 sau som ikkje vart sleppt på utmarksbeite, det utgjorde 11% av sauetalet.

Det vart i 2020 sleppt 85 geiter gjennom OBB. Mjølkegeiter og mjølkekryr med produksjon på stølen er ikkje rekna inn i OBB-tala. Det var 673 mjølkegeiter i 8 besetningar i år 2020, og nesten alle mjølkegeiter går i utmark.

Av 901 mjølkekryr i 55 registrerte besetningar i 2020 (53 besetningar i slutten av året), hadde 43 stølsdrift, medan 552 mjølkekryr var på stølen (61% av mjølkekryrne) og beita i utmark.

Talet på vaksne kyr (mjølkeku + ammeku) på utmarksbeite har lenge vore relativt stabilt, med ein auke frå 881 i år 2000 til 923 i år 2020. I denne perioden har derimot talet på ammeku i gruppa auka frå svært få (ca. 20 ammeku på utmarksbeite i år 2000) til 371 i år 2020. Over 90% av ammekryrne blir no slepte i utmark, og dette utgjer 40% av alle kyr på fjellbeite.

Talet på andre storfe (ungdyr) som nyttar utmarksbeite har òg hatt ein svak auke frå 900 dyr i år 2000 til 1049 i 2020.

4.6. Vurdering av beitekapasiteten / potensialet

Som gjort greie for i kapitel 4.2 – naturgrunnlaget, er det vurdert at 62% av arealet i ØS er nyttbart beite (Tabell 7). Det kartlagde området i 2019 (Figur 2) viser at 76% er nyttbart beite for storfe og 68% for sau (NIBIO notat 2019). Det er noko høgare enn registreringane i NIBIO rapport 07/2013. Det viser at det er litt dårligare beiteverdi når vi kjem lengre aust i kommunen. Ny kartlegging rundt Skaget (Figur 3) kom til i 2020.

Vegetasjonskartlegginga er basert på registreringar i felten og vi vil forhalde oss til denne.

Tabell 7 Beiteverdi og tilrådt dyretal, der 1 storfe (alle rasar) er lik 6 sauueiningar (s.e) omrekna:

Beitelag\Beitekvalitet	Nyttbart beite, %	Beiteareal, km ²	Sauueiningar (s.e.)	s.e. i 2019	Ledig beite (s.e)	Utnyttings -grad ¹⁾ %
Skaget/Bitihorn	60	256	16 445	6 185	10 260	38
Haldorbu	65	41	2 460	1 577	883	64
Mellane/Fullsenn	67	114	7 410	4 121	3 289	56
Sum	62	411	26 315	11 883	14 432	45

1) Sjå tekst under for korrigande faktorar

Vi legg til grunn beitekapasiteten frå skog og landskap; med 60 sau, 12 storfe eller 7 ammekyr pr km². Det gjev ein beitekapasitet før korrigering på 26 315 sauueiningar i desse beitelaga. Med fråtrekk av 15 % (5 % for utilgjengeleg areal og 10 % for beite av hjortevilt) blir kapasiteten 22 368 sauueiningar. Det vart søkt beitetilskot for 11 883 sauueiningar i ØS i 2019. Det gjev ei utnytting på 45%, eller 50% dersom vi trekkjer frå beite av hjortevilt. Beiting går òg føre seg ein del på stølsvollar (innmarksbeite/dyrka mark), som ikkje er med i beitepotensialet (tabellen over). Derimot vil beiting med mjølkeku/mjølkegeit rundt stølane komme i tillegg, slik at total utnyttingsgrad kan vere i overkant av 50%.

Beitekapasiteten er vurdert ut frå fôropptak med ein beitesesong på 100 dagar for sau og 80 dagar for storfe. Dette er neppe tilfellet for all sauen – normal beitesesong er 1.-20. juni til først i september – ca. 90 dagar. For storfe er eit gjennomsnitt på 80 dagar på utmarksbeite i overkant (neppe reelt mykje over 60 dagar), og for storfe er det ein del variasjon i slepp og særleg sinking mellom besetningar. Det tilseier at nytta beitepotensial er lågare enn i oppsettet som NIBIO brukar.

Ut frå NIBIO/Skog og landskap sine utrekningar tek sau opp 1 føreining (FEm)/dyr/dag og storfe tek opp 5 FEm/dyr/dag (Tabell 8). Dette gjeld gamle storfeutrekningar. Ifølgje Morten Tofastrud sine tal for ammeku ligg opptaket nærare 7,5 FEm/dyr/dag. Storfe blir dermed rekna om med faktoren 1:5 og 1:7,5 (eitt NRF-dyr gjev 5 sauueiningar og eitt kjøttfe gjev 7,5). Mordyr tek opp ein god del meir, men lam/kalvar mindre – desse tala blir eit gjennomsnitt.

Tabell 8 Beitekapasitet etter Skog og landskap sine kartleggingar og Tofastrud sine vurderingar.

Fôropptak pr dag	Beitekvalitet	Dyr pr km	Dekar pr dyr
1,0 f.e (sau)	Mindre godt beite	33-54	30-19
	Godt beite	55-76	18-13
	Svært godt beite	77-108	13-9
5,0 f.e. (storfe)	Mindre godt beite	7-11	150-95
	Godt beite	11-15	90-65
	Svært godt beite	15-22	65-45
7,5 f.e. (ammeku)	Mindre godt beite	4-7	225-143
	Godt beite	7-10	143-98
	Svært godt beite	10-14	98-68

Beitekapasiteten er rekna ut frå ein beitesesong på 100 dagar for sau og 80 for storfe. Då er det ut frå vegetasjonstypa vurdert at dette gjev tilstrekkeleg beite til eit visst tal sau i 100 dagar. Det ligg i systemet at beiteplantane veks over heile perioden og at attveksten òg er med i beitegrunnlaget – ein kombinasjon mellom vekst og avbeiting. Sjølv om vi kortar inn beitesesongen frå våren, blir det ikkje beite til fleire dyr. Det kan vere motsett effekt – for lite beitetrykk på våren gjer at meir gras går opp i strå og blir ikkje lengre attraktivt beitegras, dette kan vare heile resten av sesongen. Det er på hausten det er minst tilvekst på beiteplantane og størst trøng til før hjå dyra. Det er denne perioden som er «kritisk» i høve til vurdering av beitekapasiteten.

Det er ingen tvil om at det er store ubrukte beiteressursar i ØS. Det kjem inn noko beitedyr frå Fron, aust for Vinstervatn. Om dette beitet skal tilleggjast stor vekt er usikkert. I praksis har korkje hjortevilt eller streifbeiting særleg mykje å bety, sidan berre om lag halvparten av beitekapasiteten er nytta.

Legg vi til grunn fôropptak på utmarksbeite, ut frå dei føresetnadane som ligg i utrekning av saueeingar og grovförpris frå Grovför 2020 (2,71 kr/FEm) er verdien av fôropptak på utmarksbeitet lik 3,9 mill. kr. I tillegg kjem utmarksbeitetilskot på kr 2,6 mill. Stølstilskotet utgjer 2,6 mill. kr og tilskot til drift av stølsvoller er på 0,3 mill. kr. Samla blir dette 9,4 mill. kr.

Nyttar vi kraftförprisen (4,2 kr/Fem) blir den årlege verdien av å bruke utmarksbeitet på 11,6 mill. kr.

Bruk av utmarksbeite gjev òg redusert press på innmarksareal, som då gjev meir vinterfôr. Då blir verdien større, fordi det kan haldast fleire dyr på gardane.

4.7.Lovverk

Normalt har alle gardsbruk i Øystre Slidre beiterett i utmark, og for nær alt utmarksareal er det knytt eitt eller fleire gardsbruk med beiterett. Slike rettar er i regelen omtala i gamle dokument (som utskiftingsprotokollar og skyldelingsforetninga). I utgangspunktet er beiteretten knytt til hevd og den del av bygda som gardsbruket opprinneleg sokna til. I den grad det er tvistar eller uklart kor langt beiteretten strekk seg kan det vera ei sak for jordskifteretten.

Beitedyr kjem ofte over i områder der dyreeigar ikkje kan hevde beiterett for gardsbruket sitt. I slike tilfeller er det gjerne tale om ein praksis med streifbeiting, og der dyra kan gå ei viss tid sjølv om dyreigar er klar over at han ikkje har beiterett i det området. Streifbeiterett er ikkje nedfelt i lov eller forskrift, men det har vore rettsavgjerder knytt til temaet. Streifbeiting kan ikkje utan vidare nyttast som regelmessig praksis over lengre tid og over større avstandar.

Aktuelle lover og forskrifter:

Beitebruk i utmark er regulert gjennom mange lover. Plikter og rettar i samband med beitebruk er i tillegg nedfelt i ei rekke forskrifter. Viktige lover og forskrifter som styrer arealbruken i utmarka og som påverkar beiteinteressene er lista her:

Lover:

- **Beitelova** (Lov om ymse beitespørsmål av 1961).

Beitelova regulerer rettar og plikter i samband med husdyr på beite, samt beiteregulering.

- **Dyrevelferdslova** (Lov om dyrevelferd av 2009).

Omhandlar m.a. bruk av piggråd, merking av dyr, transport, tilsynsvedtak og kompensasjon.

- **Fjellova** (Lov om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane av 6. juni 1975).

Fjellova regulerer rettar og forvaltning i statsallmenning, m.a. retten til allmenningsbruk, beite, og utvising og bortfall av seter og tilleggsjord

- **Gjerdelova** (Lov om grannegjerde av 1961).

Gjerdelova regulerer plassering, utforming og vedlikehald av gjerder, rettar og plikter i samband med gjerdehald og gjerdeskjønn. Den einskilte kommune kan fastsetje vedtekter om gjerdehald som går ut over dei reglar som gjeld etter lova.

- **Hanndyrlova** (Lov om avgrensing i retten til beite for hanndyr av 1970).

- **Hundelova** (Lov om hundehald av 2003)

- **Jordlova** (Lov om jord av 1995).

- **Motorferdselslova** (Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 1977).

- **Plan-og bygningslova** (Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 2008)

- **Sameigelova** (Lov om sameige av 1965).

- **Viltlova** (Lov om jakt og fangst av vilt av 1981)

Forskrifter:

- Forskrift om **erstatning for tap og følgjekostnader når husdyr blir drept eller skada av rovvilt** (1999 med endring i 2014).
- Forskrift om **forvaltning av rovvilt** (Rovviltforskrifta, 2005 med endring i 2013)
- Forskrift om **hundehald, Øystre Slidre kommune**, Oppland (2007).

Øystre Slidre har vedteke utvida sikring av hundar, med slik formulering § 3: «Hundar skal haldast i band eller innestengt eller inngjerda: b) I område der bufe har rett til å beite og faktisk beitar frå og med 21. august til og med 30. september».

- Forskrift om **tilskot til førebyggjande tiltak mot rovviltskader og konfliktdempande tiltak** (2013).

Målet med tilskotsordninga er å sikre iverksetjing av effektive førebyggjande tiltak for å avgrense dei skadane rovvilt kan forårsake på produksjonsdyr i landbruket, samt konfliktdempande tiltak for å avgrense ulemper for lokalsamfunn og andre grupper.

- Forskrift om **tilskot til tiltak i beiteområder** (2013).

Målet med tilskotet er å legge til rette for god utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda.

- Forskrift om **tiltak mot sjukdommer og zoonotiske agens hos dyr** (dyrehelseforskrifta) (2002, rev 2020)
- Forskrift om **transport av levande dyr** (2001).
- Forskrift om **velferd for småfe** (2005).

5. Andre tilhøve med relevans for planen

Nedanfor er det gjeve eit oversyn og nokre kommentarar over «eksterne faktorar» - som beitenæringa sjølv ikkje nødvendigvis rår over, som kan ha innverknad for beitebruken og utnyttinga av utmarksressursane.

Det blir avverka ca. 10.000 m³ tømmer årleg i ØS, med ein nettopris på 250,- kr/m³ gjev det ei inntekt på 2,5 mill. kr. Høgast produksjonspotensiale er i dei lågast liggande områda med den beste bonitetene og også det beste beitet.

Problematikk knytt til beitedyr og skogforynging er ikkje aktuell problemstilling med det beitemønsteret og det beitepresset som er i Øystre Slidre i dag. Endring i beitemønster, som t.d. med bruk av Nofence, kan endre dette på sikt.

5.1. Attgroing og beiteutvikling over tid

I ØS kan det verke som forbusking er eit større problem enn tradisjonell attgroing. Vierkratt kjem oftast på noko fuktigare mark, medan einer kjem på tørrare mark. Det er områda med vier som er utfordringa og der det har skjedd ei sterk attgroing dei seinare åra.

Smyle er den vanlegaste beiteplanta i utmarka. I bjørkeskog vil smyla ofte skyte seint og dermed kan beitet halde kvaliteten noko lengre. Det same gjeld engkvein som gjev endå tettare matter og er meir utbreidd på frodigare mark.

Ved for lågt beitetrykk kjem det inn typiske "attgroingsplantar", som tyrihjelm, då og bringebær. Langs vegane er det vanlegvis godt nok beitetrykk, og det vart òg observert ved synfaring.



23% av utmarksarealet i ØS står i fare for gjengroing, kanskje mer om beitetrykket går ned.


5.2. Stølar/jordbruksareal i beiteområda.

Totalt registrert jordbruksareal i kommunen er på 29652 dekar. Delen av dette som ligg i utmarksområda (Figur 6), og er illustrert i Tabell 9.

Tabell 9 *Registrert jordbruksareal over 850 og 950 moh. av totalt jordbruksareal i kommunen på 29652 dekar*

	Fulldyrka	Overflatedyrka og innmarksbeite	Sum jordbruksareal
Over 850 moh.	10%	12%	22%
Over 950 moh.	3%	5%	8%

Jordbruksareal i fjellet kan for ein stor del drivast meir intensivt enn i dag og gje større avlingar. Areala er i hovudsak inngjerda, og blir brukt av aktive brukarar. Nibio har samanlikna kart frå 70-talet, og det er ein konklusjon at «beitevoll eller dyrka mark» i utmarksområdet har gått sterkt tilbake dei siste 50 år.



Figur 6 Kartet viser dei mest sentrale beiteområda for alle dyregrupper slik det er rapportert frå stølsprosjektet (2005). Det er dei mest stølsnære områda som er vurderte som mest verdifulle. Det er eit godt bilet på beitebruken og korleis dyra bruker området litt ulikt tidleg på sommaren og på hausten.

Det som er definert som stølar og innmarksbeite ligg ikkje inne i utrekninga av beitekapasitet frå Skog og landskap, og vil dermed kunne vere med å auke dyretalet, dersom areala ikkje er inngjerda, eller ikkje blir brukte vår og haust. Stølane ligg ofte på dei beste områda med størst avlingspotensiale. Gjødsling vil gje auke i avlingsnivå. Tilbakeføring av beiteareal, som gradvis vil gå ut, er ein kontinuerleg del av beiteskjøtselen.


Målretta bruk av slike areal kan forlengje beiteperioden vår og haust, og bør vurderast som ein del av tiltaksplanen.

5.3. Omsynet til rein og hjortevilt

Utmarksbeiteområdet til Øystre Slidre utgjer ein del av vinterbeiteområde til Fram tamreinlag (Figur 7), med omkring 3000 rein i vinterflokk. På sommaren er dette nærmere 5000 dyr (frå nettsida til Fram). På sommaren beitar reinflokken i Jotunheimen i Vang kommune.

Beiteområdet er òg nytta av Våga tamreinlag på nordsida av Vinstervatn og Heimdalens. Dette beiteområdet er påverka i konkurranse med rein.

Fram tamreinlag har eit skiljeanlegg ved Sælstølen, men området betyr lite som beite for rein. Det kan vere at den beitar på bjørkerenningar og vierkratt, men det har liten praktisk konsekvens i konkurranse med husdyr.



Figur 7 Reindrift i kommunen [Kilden - Reindrift \(nibio.no\)](#)

Elgbeite og beitetrykk blir ofte vurdert ut frå førekomst av ROS-artar (rogn, osp, selje), som er dei føretrekte beiteplantane til elgen. Det er nok lite av desse artane naturleg i beiteområdet, men også bjørk og furu vil få beiteskadar ved for stor elgstamme, og kan gå ut over skogforyngingar.

Beitevanane til elgen skil seg frå husdyra ved at den hovudsakleg beitar på tre, busker og kratt. Om sommaren går den ofte og rispar i seg lauv, men han kan òg ete bærlyng, gras og ein del vassplantar. Om vinteren et han mykje skot og kvist av lauvtre, einer og furu. Ein vaksen elg kan ete 25 kg fôr på ein dag om sommaren, og *12-15 kg skot og kvist om vinteren. Elg vil normalt i liten grad konkurrere med bufe på utmarksbeite. Konkurranse med husdyr gjeld kun 3 månader av året.



Fra Sælstølen mot Synhaugen og Rundemellin bak vatnet Yddin.

5.4. Rovdyr

Forvaltningsplan for rovvilt i Oppland, vedteken av rovviltnemnda i region 3 i januar 2020, dannar grunnlaget for forvaltninga av rovdyr i gamle Oppland fylke. Det er uttrykt at det skal vera inntil 5 ynglingar av gaupe og 4 ynglingar av jerv i region 3. Øystre Slidre er, som resten av Valdres og Vest-Oppland, innanfor sone prioritert for yngling av gaupe, men ikkje for jerv. Hovudsakeleg held gaupa seg lengre sør i Valdres, og er ei mindre utfordring for beitande husdyr i kommunen enn jerven.


Rovdyr har generelt vore eit lite problem i ØS, på linje med fleire av kommunane vest i Oppland. Med unntak av perioden 2011-2013 (tap forårsaka av jerv og ulv) er tapstalla for sau rundt 3%. Ørn kan ta sau i beitesesongen.

5.5. Tekniske inngrep (fritidsbusetnad og turisme)

Landbruket er ei viktig næring i Øystre Slidre med sterke interesser i utmarksressursen, men kommunen er òg ein stor hyttekommune, med mykje infrastruktur og aktivitet knytt til friluftsliv/reiseliv. Det er sterke næringsinteresser knytt til turisme, og både landbruk og turisme påverkar kommuneøkonomien og tenestetilbodet i stor grad.

Det er viktig å finne gode løysingar for beitebruken i hytteområda, for å redusere konflikt med hyttefolket. Det er berre tillate med avgrensa inngjerdingar rundt hyttene, slik at sperregjerde/ledegjerder for å halde dyra vekk frå områda kan vere formålstenleg. Flokkar med storfe kan verke skremmande på mange og dei kan i gitte situasjonar oppføre seg aggressivt, særleg mot hundar.

Når det er gjennomført vegetasjonskartlegging er det viktig å bruke denne informasjonen så langt det er mogleg for å unngå etablering av hyttefelt i område med vegetasjonstypar som gjev godt beitegrunnlag. Det vil vere eit viktig tiltak for å ta vare på beiteressursane og samstundes unngå konflikt mellom beitedyr og fritidsbusetnad.



Figur 8 Kartet viser statsallmenning (raudt) i Øystre Slidre, med ulike tilrettelagte tiltak for friluftsliv (svarte prikkar). Beiteressursen i statsallmenninga er stor og viktig. Større hyttefelt i statsallmenninga finst i sør (Blilie) og aust for Yddin (Synhauglie)

Det er i dag arealbrukskonfliktar mellom fritidsføremål og beitebruk. Det er viktig å få gjensidig forståing og respekt for kvarandre sine interesser. Uansett korleis ein ser på det er beitedyr sentrale for å halde oppe kulturlandskapet, som er vesentleg for å kunne bruke og marknadsføre området.

Sperregjerde og gjerdehald er òg tekniske inngrep, som ut frå omfanget av tiltaket kan vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det kan vere behov for gjerde som hindrar beitedyr i å trekke ned i bygda.

I den gjeldande arealdelen til kommuneplanen for Øystre Slidre (er under revisjon) står det om gjerding rundt fritidsbustadar i LNFR-områder (Kap 4) : «Oppføring av gjerde i desse

områda er søknadspliktig. Det kan bli gitt løyve til å gjerde inn intil 300 m² på kvar eideom. Det skal setjast vilkår om estetisk utforming og vedlikehald og tilsyn for å unngå skader på bufe. Grinder skal slå utover. Oppføring av elektriske gjerde er forbode».

I vedtekne reguleringsplaner kan det vera eigne reglar og retningslinjer om inngjerding av fritidsbustadar/regulert område.

Nye digitale gjerdesystem for beitestyring (sjå om Nofence – kap. 6.2.3) er interessante, og bør vurderast.

5.6. Bygdenære beiteområde.

Bygdenære beiteområde er areal som ligg mellom gardane og heimstølane. Dette er ein ressurs som er lite nytta.

Ofte er det frodige område i heimstølsområda. Desse områda har stort potensiale for beiting, og stort potensiale for attgroing når dei ikkje blir brukte. Dette er areal som til dels ligg utanfor inngjerda innmark, men som kan gje verdifullt tilskot til beiting for storfe.

Ved å ta i bruk bygdenære beiteområde vår og haust kan beitesesongen forlengjast, og dyra kan slik få ein meir optimal tilvekst.

5.7. Verneområde/-interesser.

Langsua nasjonalpark (200 km² i ØS) vart oppretta 11. mars 2011, som ei erstatning og utviding av Ormtjernkampen nasjonalpark, den gong den minste nasjonalparken i landet, og ei samanbinding med 6 gamle og nye naturreservat og 4 nye landskapsvernombområde.

Frå landbruksnæringa blir det rapportert at forvaltninga av verneområda kan opplevast byråkratisk. Kommunen, fjellstyret, landbruksnæringa og parkforvaltninga har hatt prosessar/drøftingar for å finne system/samordning/samarbeid for å gjere forvaltninga best mogleg for alle partar og omsyn. Dette vil framleis vera ei utviklingsoppgåve framover.

Frå forvaltningsplanen for Langsua ser vi under «Overordna retningslinjer for jordbruk»:
Vernebestemmelsene er ikke til hinder for tradisjonell jordbruksvirksomhet med beite- og støls-/seterbruk. Tilleggssnæringer kan tillates innenfor rammen av verneformål og vernebestemmelser. Bestemmelsene er heller ikke til hinder for bruk og vedlikehold av bygninger, anlegg og innretninger i forbindelse med slik virksomhet, eller oppsetting av saltstein, merkeavlesere og tilsvarende innretninger i forbindelse med husdyrbeiting.

Det skal legges vekt på at tiltak i jordbruket er natur- og miljøvennlige, slik at de oppfyller naturmangfoldlovens krav til bærekraftig naturbruk (nml kapittel II).

Driftsformer som fremmer og bevarer det biologiske mangfoldet og viktige landskapsverdier skal stimuleres. Et målretta beitebruk som bevarer sårbare arter og naturtyper er ønskelig.

Haldorbu landskapsvernrområde (59 km²) vart oppretta 11.mars 2011.

Kjølaåne naturreservat (20 km²) vart oppretta 11. mars 2011.

Når det gjeld frivillig vern er det av avgrensa omfang. Det er usikkert om det i dag blir arbeidd med slike saker.

5.8. Karbonbinding, CO₂ og klimapåverknad

Jordbruksproduksjon er basert på opptak av CO₂ gjennom fotosyntese – ikkje utslepp. Bønder har denne kunnskapen og kan stolte formidle at dei er fotosynteseforvaltarar. I klimadebatten er det viktig å ta utgangspunkt i at det er fotosyntesen og karbonkrinslaupet som er utgangspunkt for produksjonen.

Mindre kraftfør og meir beite er positivt for klimagassutslepp (ifølgje Sabima). Utfordringane ligg i importert kraftfør, som legg beslag på store areal i andre land. Samtidig gjev kraftførbasert produksjon mindre klimagassutslepp enn utslepp frå drøvtyggjarar, og bruk av kraftfør til drøvtyggjarar kan redusere metanutslepp (sterk klimagass) per dyr og produsert eining.

Det kan ligge eit større fortrinn i karbonbinding i jord i utmark, men det er betydeleg uvisse i estimat for slike effektar. Det manglar kunnskap om netto karbonbinding i jord under ulike tilhøve (som arealbrukshistorikk, beiteregime, alternativ bruk, naturgrunnlag og værtihøve). Dette er derfor eit vanskeleg tema, som vi ikkje klarer å lande her, og der meir forsking trengst. Ut frå teoretiske anslag er det likevel grunn til å tru at utmarka i ØS netto kan binde karbon i jord tilsvarande meir enn 1 mill. kg CO₂ i reduserte årlege utslepp, som resultat av beitebruken.

Omlag 1/3 av klimautsleppa frå jordbruket er knytt til lystgass, der nitrogengjødsel og andre innsatsfaktorar er hovuddrivarar. Fordelen med utmarksbeite er at slike innsatsfaktorar ikkje blir nytta, og potensialet for reduserte klimagassutslepp ved bruk av ugjødsla (og svakt gjødsla) areal kan vere betydelege. Beiting på myreal er òg interessant, fordi myr frigjev metangass, der friskt plantemateriale betyr mykje. Når beitedyr tek opp denne myrvegetasjonen kan metanutsleppet frå myra reduserast, og netto blir dermed metanutsleppet til dyr i produksjon mindre.

Utslepp frå landbruket kan ikkje eliminera, men reduserast. Hovudsakleg må dette takast på bruken av fulldyrka areal. Betre utnytting av husdyrgjødsel og unngå tap og lystgassdanning i jordsmonnet. Utmarksbeite er «gratis» fôr, som ikkje kan forelast på annan måte enn gjennom drøvtyggjarar og kanskje den mest berekraftige delen av norsk landbruk.



Nokre område på og ved setervollar er rydda og gjev eit ekstra tilskot til beitet. Skogen kjem veldig bra, men det kunne teoretisk vore produsert endå meir skog på dette arealet. Samtidig er det slike opne lysninga som er viktig for beitebruken.

6. Tiltaksdel

Ut frå skildringa ovanfor ser vi at beitekapasiteten i ØS langt frå er utnytta.

Ein klar risiko for kumjølkproduksjonen i stølsområda er tendensen mot større einingar. «Robotisering» av mjølkeproduksjonen kan medføre mindre stølsdrift, ei utvikling vi har sett i fleire andre regionar. Ei generell oppgåve for alle partar med interesser i landbruket og kulturlandskapet vil vere å arbeide for å motivere til stølsdrift og beitedrift. Auka bruk av utmarka for ungdyr kan vere eit mål. Det å få fram positive aspekt ved bruk av beiteressursen i utmarka, kan ha stor verdi framover. Her kan nemnast verknader av beitebruk på kjøttkvalitet, dyrevelferd, helse, miljø og klima. I tillegg til å bruke allereie kjende samanhengar vil det her vera ytterlegare behov for ny kunnskap og dokumentasjon, som t.d. kunne vore oppgåver i eit nytt ressurscenter for fjellbygdene på Løken.

I det følgjande blir det vurdert ulike løysingar og tiltak for å styrkje og utvikle beitebruken.

6.1. Etablering av beiteutval

Kommunen har hatt eit samarbeid med beitenæringa, fjellstyret, rovviltjaktlag, TINE, nasjonalparkforvaltinga og mattilsyn over lengre tid, med årlege møte for å summere opp siste beitesesong og ta tak i relevante problemstillingar. Dette samarbeidet bør formaliserast. Det

blir derfor foreslått oppretting av eit beiteutval i handlingsplanen. Utvalet skal ha som oppgåve å fremje samarbeidet mellom beiteinteresser grunneigarinteresser og kommune, og vil få oppgåver knytt til handlingsdelen i beitebruksplanen. Grunneigarar blir foreslått representert ved faglaga og fjellstyret (3 representantar) og beitenæringer får ein representant frå kvart beitelag i tillegg til representant frå Slidre sau og geit. For å få med mjølkeprodusentane kan òg ein lokal representant frå TINE AU ha plass i beiteutvalet. Kommunen vil ha sekretærfunksjon.

Den praktiske utøvinga av beitebruken skal framleis ligge til beitelaga.

6.2. Styring av beitebruken

Gjerding er den sterkeste forma for styring av beitebruken, men det kan òg setjast i verk andre tiltak som krev meir oppfølging av dyra. Trongen for styring gjeld i første rekke storfe. Det kan vere GPS-merking for å til kvar tid ha kontroll på beitedyra og moglegheit til å avgrense trekkruter og unngå at dyr frå fleire område blandar seg til store flokkar. Beitedyr kan òg vennast til salting og føring med kraftfør ved slipplassane. Då vil dei trekke tilbake dit og ha mindre aksjonsradius. Det kan òg ryddast trasear for å leie dyr mellom ynskte beiteområde. Desse tiltaka må kombinerast med fysisk nærvær og moglegheit for gjeting.

6.2.1. Sperregjerder

Det er i dag fleire eksisterande sperregjerde som er i drift og fungerer nokolunde, i kombinasjon med ferister. I 2012 vart det etablert sperregjerde ved Beitostølen over Ukshovdvegen og forbi Valstadstølen og gjerde frå Olevatnet mot Grønekinnkampen, for å hindre beitedyr å komme inn i bustad- og hytteområda. I 2019/2020 vart det etablert sperregjerde ved Vangsjøåne.

Rundt Haldorbu er det ein beitehamne med i alt 26 km gjerde, og som er grunnlaget for Haldorbu fellesdrift. Dette er av dei største inngjerda beitehamnene i det gamle Oppland fylke.

Sperregjerde kan brukast for å styrke målretta beiting, som t.d. sambeiting med dyregrupper, inndeling av dyregrupper (m.a. rundt/mot støllsslag), påverke attgroing eller beitetrykk og kan særleg ha ein funksjon i/mot skogbelte. Dersom det er aktuelt å flytte besetningar til andre område eller for å halde beitedyr innanfor eller utanfor eit avgrensar areal kan behovet tvinge seg fram.

Gjerding er arbeidskrevjande, og det er nokre utfordringar med å finne villige til å vere ansvarlege for slike tiltak. Gjerde gjer det enklare å halde tilsyn med dyr, men vil òg utgjere ein risiko for beitedyr og medføre auka belastning i forhold til tilsyn og gjerdevedlikehald.

Sperregjerde kan gjerast nokså enkle med 1-4 straumtrådar, alt etter aktuell bruk og føremål. Prisen vil då bli frå ca. 60 kr/meter. Slike gjerde må normalt leggjast ned utanom

beitesesongen. Nasjonalgjerde med bølgjetråd kan vere dobbelt så dyrt, men krev mindre vedlikehald. Permanente gjerde vil i noko grad vere til hinder for jaktutøving og turgåarar.

Type gjerde har innverknad på vedlikehaldsbehov og anna ferdsel i området. Auka bruk av turstigar aukar behovet for grinder og gjerdeklyv for passering.

Sperregjerde/inngjerdingar over eit visst omfang må omsøkjast etter plan- og bygningslova.

6.2.2. Elektronisk overvakning

Det er i dag fleire system for elektronisk overvakning av husdyr, der radiobjøller på dyra kan følgjast med GPS lokalisering. Dette er no ein godt utprøvd teknologi, og fungerer særleg godt på flokkdyr. Behovet for å merke nokre enkeltindivid i flokken gjer moglegheitene for tilsyn og oppfølging av dyra enklare og betre. Kostnadene er òg overkommelege med denne metoden for sporing. Teknologien er òg i bruk på saueraas med mindre flokkinstinkt. Det vil vere eit skilje i teknologival med og utan mobilnett-dekning. Utan mobilnett finst det e-bjøller som kommuniserer ut via satellitt. Kommunikasjon til og frå bjølla krev mobilnett, og gjev moglegheiter til å styre intervalla på sporinga gjennom beitesesongen.

6.2.3. Nofence

Nofence-teknologien kombinerer elektronisk overvakning (sjå 6.2.2) med eit virtuelt grensegjerde lagt inn på eit digitalt (data) kart. Når dyra kjem nær innteikna kartgrense blir det gjeve signal i form av lyd og deretter ein elektrisk puls gjennom klaven. Dyra lærer ofte fort å stoppe mot dette virtuelle gjerdet.

Nofence er brukt kommersielt på storfe, geit og sau frå 2020, med godt resultat. Det er tilrådd å ha Nofence-bjølle på alle vaksne dyr, og kan derfor bli kostbart på småfebesetningar.

Teknologien er interessant og kan påverke moglegheiter for utnytting av beite i utmark. Det bør leggjast opp til eit utviklingsprosjekt i handlingsplanen. Tiltaket skal byggje på erfaringar og kunnskap frå pågåande prosjekt, bla i Gudbrandsdalen.

6.3. Geit på utmark

For geitebøndene er det mindre grad av teknologisk rasjonalisering, samanlikna med i kumjølkproduksjonen, og det er ikkje mange alternativ til tradisjonell stølsdrift. Greier ein å halde oppe geitmjølkproduksjonen i ØS vil stølsdrifta halde fram med dei positive effektane det har på utmarka. Geita er kjend som det beitedyret som beitar mest på buskar og tre, og ein auke av geitetalet vil vere positivt for å hindre attgroinga i stølsområda. I «geitebygda» Lykkja er det døme på fråvær av støling, men med aktiv beitebruk i utmark.

Stølsstilskotet er i dag eit positivt insitament til vidare drift, men det er viktig at dette blir halde oppe og følgjer kostnadsutviklinga i samfunnet. Det kan vere vesentlege kostnader til lønn, infrastruktur og ulike investeringar, men det er også betydelege verdiar i beiteressursen.

Ammegeit eignar seg særleg for utleige, med formål som kulturlandskapspleiar. Potensialet i dette bør undersøkjast, og takast inn som tiltak i handlingsplanen.

Det kan nemnast at lettare sauerasar kan ha noko av den same effekten som geit, sjølv om evna til ringbarking hjå geit er unik.

6.4. Rydding og skjøtsel av beiteområda i stølsområda

Det er utført ryddetiltak i stølsområda for å auke beitekvaliteten (mengd og kvalitet) i sentrale beiteområde. For å styre beitinga meir, kan gamle stølsvollar og slåttemarker ryddast. Dette vil òg vere viktige tiltak i høve til kulturlandskapsskjøtsel, og kan hindre attgroing. I landbruket er det driveplikt på areal som er definert som dyrka mark i stølsområda. I det ligg ei plikt til å halde slikt areal i hevd.

Ut frå kulturlandskapsomsyn og for å hindre vandring hjå mjølkekyr, kan det vere ein fordel å rydde areal nærist mogleg stølane. Sannsynlegvis ligg stølane der jordtilhøva er dei beste, slik at dette naturleg blir på gode lokalitetar for produksjon.

Område som blir rydda og blir overtekne av minst 50 % beiteplantar, kan gje rett til areal- og kulturlandskapstilskot. Det er berre føretak med husdyr som kan søkje tilskot for slikt areal. Samla tilskot for innmarksbeite i drift var 261,- kr/dekar i 2020.

God skjøtsel av setervollar kan ha stor verknad som tiltak for å forlengje beitesesongen vår og haust. Det blir fremja eit forslag til tiltak i handlingsplanen for å demonstrere/lære om effektar av kulturfremmande tiltak på setervollar, i samarbeid med Nlr/Ressursenter for fjellandbruket.

Det må understrekast at u gjødsla godt forvalta setervollar kan representere nokre av dei viktigaste areala vi har med omsyn til biologisk mangfald, som vi må ta vare på. Utan skjøtsel og bruk gror desse areala fort att, og biologisk mangfald går òg tapt over tid på den måten.



Effekt av gjødsling på gamle setervollar – har gjeve inntil 6 gonger avlingsauke, men kan nok ha gått ut over biomangfold. Bildet er fra Rendalen med därlegare jordbunnstilhøve enn i ØS.

6.5. Flytte besetningar til andre område

Det er i utgangspunktet ikkje behov for å flytte eller dele opp besetningar på grunn av høgt beitetrykk i nokon lokalitetar. Beitetrykket er totalt sett lågt, men det er viktig at konsentrasjonen av beitedyr ikkje blir for stor m.h.p tilvekst og vandring.

Med å bruke vegetasjonskartet og finne dei beste beiteområda og ledige beiteområde, vil det vere mogleg å regulere beitetrykket noko i forhold til slepestad for dyra. Det kan då vere aktuelt å dele opp store flokkar. På denne måten får ein betre utnytting av beitet i heile området. Det er større tilvekst på dyra dess mindre dei vandrar.

Ei slik utnytting av beiteområdet bør òg sjåast i samanheng med korleis utnyttinga av heimebeita er. Det bør leggjast opp til system der heimebeite og utmarksbeite fungerer godt i høve til kvarandre. Tidleg beiteslipp i utmarka gjev normalt sett lengre beitesesong på utmarksbeite.

Det er ikkje no aktuelt å flytte besetningar pga. ulikt rovdyrtrykk i ulike område.

Det er lite aktuelt å prioritere eige tiltak for flytting av beitedyr no, men spørsmålet bør vurderast som ein del av arbeidet med beitebruksreglar. Her må vi forhalde oss til beiterettar og historisk praksis, og eit prinsipp om friviljug flytting må gjelde.

6.6. Regulering av beitesesongen

Bygdenære skogsområde blir i mindre grad nytta som utmarksbeite i dag. I den grada det er aktuelt vil dei gode lystilhøva på opne område og hogstflater føre til at graset kjem tidlegare enn i skogen. Det er viktig å få med denne grasveksten, då den er næringsrik og gjev god tilvekst på beitedyr. For sau og dyr som krev tilvekst er det viktig med tidleg beiteslepp.

For å unngå attgroing med gras på hogstflatene er òg tidleg beiteslepp av sau ein stor fordel. Sau kan sleppast når smyla er 3-4 cm høg.

Skal ein kombinere utmarksbeite med innmarksbeite/kulturgeite i bygda, må det planleggjast eit system med beiting i bygda først og flytting til utmarksbeite og tilbake på heimebeite. I høve til tilvekst er det viktig å ha tidleg beiteslepp og heller ta ned dyra tidlegare. Seint beiteslepp for ammekyr er mest aktuelt med haustfødde kalvar. Beiteslipp etter St.Hans bør uansett ikkje vere aktuelt i dei lågast liggjande områda. Hanndyrlova og tidspunkt for paring vil ha verknad for korleis enkeltbruk klarer å utnytte utmarksbeite.

Beitesesongen startar ikkje samtidig i heile beiteområdet. Det kan vere viktig å ta omsyn til dette ved beiteslepp og i kombinasjon med heimebeite. I lågareliggjande delar av beitet kan beiteslepp skje i juni og i høgareliggjande område 14 dagar seinare. I beiteområda er det lite av dei gode beitene på snøleier (< 1% grassnøleie, men vel 5% i det nye kartlagde området rundt Skagett), slik at det, med eit unntak for Skagett, har heller lite å bety i høve til behovet for friske beite utover i sesongen.

Vi kan ikkje forvente å ha same slepp og sankedatoar i heile dette området, med så stor variasjon i høgdelag og vegetasjon. Dersom vi ynskjer ei optimal nyttning av beiteressursane bør derfor slepp og sinking i større grad følgje utviklinga på beiteplantane, enn det som er tilfellet i dag.

Det er aktuelt å vurdere tiltak for regulering av beitesesongen under arbeidet med beitebruksreglar.

6.7. Radioaktivitet

Valdres vart relativt hardt ramma av radioaktivt nedfall etter Tsjernobyl-ulykka i 1986. Det har vore nedföring av sau, som har gått på utmarksbeite, heilt fram til no. Dette viser kor langsiktig påverknad slike ulykker kan få. Det er særleg småfehaldet som har vore ramma.

For tida blir det berre teke kontrollmålingar av radioaktivitet i enkelte sauebesetningar. Kor mykje radioaktivitet sauen får i seg avheng av mengda sopp i fjellet på hausten. Fuktig vær på

ettersommaren gjev mykje sopp, som deretter kan føre til auka radioaktivitet i sauens, og som har medført krav om nedföringstid. Sauen blir då ikkje levert til rett tid og det går meir beite/fôr enn det som er planlagt. Dette har gjeve nokre utfordringar, og er ofte kompensert med innkjøpt fôr.

Det er lite aktuelt å ta inn nye tiltak mot radioaktivitet i handlingsplanen no, der 2 sauebesetningar framleis kjem til å bli overvaka framover.

6.8. Regime rundt sauehaldet i Øystre Slidre

Det har vore stabile slepptal dei seinare åra, med 6511 sau i 2000 og 7259 i 2020. Toppåra var 2017 og 2018 med over 8000 sau. Det er ingen signal som tyder på at det kjem til å bli veldig mykje meir sau i åra framover, sjølv om det hadde vore ynskjeleg – òg ut frå beitekapasiteten.

Uansett beitetilgang vil tilveksten hjå lam stagnere når beitekvaliteten avtek. Det er viktig å få lamma på godt innmarksbeite før denne stagnasjonen, medan dei enno har god tilvekst. Det gjev betre utnytting av haustbeitet og kortare periode på beite før slakting. Sanking av sau kan vurderast framskunda, sannsynlegvis med den effekten at lam kan leverast tidlegare – til ein betre pris. Ein kan då skilje søyner og lam, og søyene kan setjast ut på utmarksbeite att.

Det er ein innarbeidd praksis at hovudsanking av sau er første helga i september og att sinking av storfe til ei viss grad blir gjennomført besetningsvis. I Haldorbu blir det sanka felles, først sau og deretter storfe, og i Skaget går mykje storfe ute til godt ut i september.

Det fungerer bra slik det er i dag, men er nok ikkje det optimale i høve til beiteutnytting. I ulike område og mellom besetningar kan det finnast variasjonar i lammingspunkt, beitekvalitetsutvikling og andre tilhøve, som tilgang på haustbeite. Individuell/områdevise tilpassing vil derfor vere styrande. Etter 20-25.august taper beitet seg normalt raskt, men med lokalitets- og årsvariasjonar. Ut frå prisløypa for lam vil det vere ein fordel med tidlegast mogleg levering. Lam som stagnerer i tilvekst på utmarksbeite treng gjerne ei tid på godt innmarksbeite for å komme i gang att. Det krev derfor ein lengre periode på innmark og dermed tærer det hardare på haustbeita enn når lam kjem i god vekst frå utmarka.

Vurderingar av eventuelle endringar i rutinar og praksis kan gjerast som ledd i tiltak for å lage beitebruksreglar.

6.9. Soneinndeling etter kvalitetskriterium

Ulike område vil ha ulik verdi for ulik bruk. Areal kan t.d. ha høg eller låg verdi som beiteareal ut frå beitekvalitet eller plassering i høve til stølar eller anna. Tilsvarande vil ulike område ha ulik interesse for turisme/fritidsføremål. Ved å vekte slike brukseigenskapar gjennom indeksar for ulike kriterium og kvalitetar kan verdiane gjerast tydeleg for dei ulike arealinteressene. Eit slikt system kan vere ei viktig støtte for arealplanlegging, prioritering av ulike tiltak og arealforvaltning generelt.

Det blir lagt opp til eit tiltak i handlingsplanen der eit slikt system for soneinndeling blir etablert i dei mest konfliktfylte områda. Dette vil særleg vera viktig som styringsverkty der tyngre satsingar, t.d. innan turisme/reiseliv, blir i konkurranse med viktige beiteinteresser.

6.10. Kartløysing i Valdreskart

Vegetasjonskartlegging er utført av NIBIO, på oppdrag frå kommunen.

Kartløysing i Valdreskart er viktig, som grunnlag for arealplanlegging og forvaltning generelt. Gjennomført vegetasjonskartlegging bør derfor inn i Valdreskart, og slik blir synleggjort for alle med interesser i områda. Det er òg eit ønske om å få dette inn i Gårdskart (NIBIO).

Det blir lagt inn eit tiltak i handlingsplanen for å få etablert vegetasjonskartlagte område i Valdreskart, og om mogleg i Gårdskart. Når dette er gjennomført vil det òg vere eit godt grunnlag for å vurdere ytterlegare vegetasjonskartlegging i område der dette manglar.

6.11. Beredskapsplan

Beredskapsplan i denne samanhengen har i første rekke som mål å sikre nødvendige opplysningar om beitedyr, dyreeigarar og beitelag til bruk under skadefelling av rovdyr, og kva tiltak og ansvarsområde ulike aktørar kan og skal halde seg til.

Kommunen har ikkje ein vedteken beredskapsplan. Vi har derimot ein praksis for informasjon, tilsyn, beredskapstelefon, tiltaksutvikling og førebygging. Det vil derimot vere viktig å få på plass ein godt formalisert plan på området. Dette kan sikre at viktige element ikkje blir sovande og utdatert over tid.

Kommunen har dei siste 8 åra hatt ein løna tilsynsgjetar i beitesesongen (ca. kr 60000 årleg inkludert kadaversøk ved behov), som eit førebyggjande tiltak, finansiert av tilskot gjennom statleg ordning og kommunen.

Vi legg opp til eit tiltak i handlingsplanen for å få på plass ein beredskapsplan, som mellom anna bør ha som mål å

- førebyggje tap og skade på husdyr på utmarksbeite.
- fange opp akutte tilhøve i beiteområda.
- plassere ansvar og klargjere gjennomføring av tiltak
- vurdere behov/kostnad ved etablering av beredskapshamner
- få på plass køyrereglar for samhandling i skarpe situasjonar med rollefordeling (politi, fellingsleiar, dyreeigarar mfl.).

6.12. Informasjon og kommunikasjon

Manglande kunnskap om beitedyr og god åtferd i område der beitedyr ferdast er ofte kjelde til både konfliktar og farlege situasjoner.

Laushundar på beite er døme på ei tiltakande utfordring som beitenæringa rapporterer om. Møte med storleflokkar i utmarka er eit anna døme, der farlege eller uønskte situasjoner kan unngåast ved korrekt åtferd. Det kan også nemnast problematikk rundt gjerde, som både kan vera ulovlege og farlege for beitedyr. Enkle handlingar, som det å lukke grinder, kan vera til god hjelp for gjennomføring av beitebruk. Dette er nokre døme på utfordringar der informasjon og kommunikasjon er viktig, som tiltak for avgrense uønskt åtferd og auke forståinga for konsekvensar av handlingar.

Ein ide er lansert på å finne tema der gode infovideoar kan lagast til bruk på sosiale medium. Dette bør vurderast som moglege prosjekt. Kva kan skje når du slepp hunden laus, kastar søppel som dyr får i seg, matar dyr på beite etc.? Informasjon til barn og unge via sosiale medium kan vere ein god strategi. Det bør undersøkjast om samarbeidspartnarar på nasjonalt nivå har interesse i denne typen tiltak.

Det blir i handlingsplanen lagt opp til at eit beiteutval får ansvar for å lage årlege informasjonsplanar. Det bør då prioriterast mellom aktuelle utfordringar, bli skissert korleis det skal informerast (til dømes bruk av nettsider, skilting, media, brev eller varsling) og ansvar for informasjonen må klarleggast.

6.13. Utbyggingsavtalar som finansieringskjelde til landbrukstiltak

Regulering og utbyggingstiltak kan i større eller mindre grad redusere beiteressursar i utmarka, og konfliktar oppstår ofte der beitande dyr går nær utbygde område. Kompenserande ordningar ved utbyggingar kan derfor ha ein legitimitet. Kommunen praktiserer bruk av utbyggingsavtalar for mellom anna å finansiere opp ulike tiltak som følger etter utbyggingar, og dessutan for å utvikle og framme ynskjeleg infrastruktur i hytteområda.

I handlingsplanen blir det lagt inn eit tiltak for å gjennomføre ei juridisk vurdering av bruk av utbyggingsavtalemidlar til landbruket ved arealregulering til hytte-/fritidsformål. Ein tematikk kan vere konfliktførebygging i utmark.

6.14. Fjerning av farlege gjerder

Gamle gjerde er ei utfordring i utmark. Utan tilstrekkeleg vedlikehald blir desse farlege for ferdande dyr. Fjellstyret har, som grunneigar, over tid vore flinke til å rydde opp. I allmenningar og bygdenære område er det mykje å ta tak i.

Det har tidvis vore tilløp til bruk av elektriske gjerde, men oftast utan straumtilknyting, rundt i fleire hytteområde. Mattilsynet har slått fast at straumgjerde (særleg nettinggjerde) utan

straum ikkje er tilfredsstillande ut frå omsynet til dyrevelferd. Slike gjerde i ulike variantar krev òg jamleg tilsyn (dagleg), og eignar seg ikkje til gjerding rundt hytter. Kommunen praktiserer heller ikkje godkjenning av elektriske gjerde til bruk for hytter (nedfelt i arealdelen av kommuneplanen). Beitenærings- og kommunen har samarbeidd om å slå ned på denne praksisen, men det kunne vore gjort meir.

Dyrevelferdslova har føresegner, og gjev grunnlaget for reaksjonar, der gjerde utset dyr for fare for unødige påkjennningar og belastningar. Mattilsynet har forvaltningsansvar for denne lova, og gjer vedtak i slike saker. Utfordringa er at vi i sterkare grad må ta tak i dette breiare og meir systematisk, fordi gjeldande forvaltningsressursar strekk ikkje til. Kommunen har ansvar for forvaltning av gjerdelova og saker som kjem under plan og bygningslova.

6.15. Manglande vegetasjonskartlegging

Det manglar framleis vegetasjonskartlegging av viktige område i utmarka.

Med bakgrunn i gjeldande kartleggingsstatus blir det lagd inn eit tiltak i handlingsplanen for å utvikle eit prosjekt på ytterlegare komplettering, og der behovet skal vurderast og grunngjenvaist. Det skal òg lagast ein realistisk finansieringsplan for tiltaket. Det bør vere eit mål å ha ein plan på dette på plass før neste rullering av beitebruksplanen.



7. Litteratur

Beitekart finnes i skog og landskap sin database – Kilden (Følg linken, søk på Øystre Slidre og velg: +utmarksbeite):

https://kilden.nibio.no/?lang=nb&topic=arealinformasjon&bgLayer=graatone_cache&X=7195706.12&Y=284337.75&zoom=0.05008967961418191

Kristin Daugstad og Tor Lunnan 2009. Stølstdrift i Valdres. Bioforsk Rapport, vol 5, nr 55 2009

NIBIO RAPPORT, VOL. 3, NR. 31, 2017. Innmarksbeite – areal og tilstand i 17 kommunar i Oppland

NIBIO Notat 2019. Vegetasjon og beite i delar av Øystre Slidre kommune.

NIBIO RAPPORT, VOL. 7, NR. 85, 2021 Vegetasjon og utmarksbeite i området rundt Skagset.


Skog og Landskap Rapport 07/2013. Utmarksbeitet i fjellområder mellom Valdres og Gausdal

http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Langsua_dok/Forvaltningsplan/H%c3%b8ring%20forvaltningsplan/FORVALTNINGSPLAN_030719_web.pdf

Øystre Slidre kommune. Landbruksplan 2009-2012


<https://arealbarometer.nibio.no/nb/fylker/innlandet/kommuner/oeystre-slidre>

8. Vedlegg



Vedlegg 2 – Vegetasjonskart.

Den lysaste grønfarga indikerer mindre godt beite. Den mørkaste grønfargen er svært godt beite. Mellomgrøn, som det er mest av er godt beite. Stølsområda er oransje og dyrka mark er gul.



Vedlegg 3 Beitekart rundt Skaget for sau (øvst) og illustrert lokalisering (nedst)

